



Byglandsnytt nr.39 – november 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune
Neste utgåve: 1. desember 2022. Send tips innan 28.11. – www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Evje legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
tysdag	stengt	08.00 – 15.00
onsdag	stengt	08.00 – 15.00
torsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
fredag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Kommunestyremøte:** 09.11. kl. 13.00
- **Formannskapet:** 16.11. kl. 13.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemmede:** 14.11. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 14.11. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 15.11. kl. 12.00
- **Levekårsutvalet:** 28.11. kl. 18.30

Kunngjeringar

- **Kunngjering av planvedtak; detaljreguleringsplan for Rv9 Storstraumen, kurveutbetring i vest - planID 202105**



I samsvar med pbl § 12-12 godkjende kommunestyret i møte 12.10.2022 i sak 52/22 detaljreguleringsplanen for Rv. 9 Storstraumen, kurveutbetring i vest med planid 202105

Føremålet med planen er å leggje til rette for trafikktryggleik gjennom kurveutbetring og siktbetring. Vedteken plan med vedlegg er å finne i planinnsyn på kommunen si heimeside.

Planvedtaket kan klagast på i samsvar med §§ 12-12 og 1-9, jf. Kap VI i forvaltningslova. Klage må vere sett fram skriftleg til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland innan **08.11.2022**.

Krav til erstatning etter plan- og bygningslova § 15-2 og krav om innløyising etter same lov § 15-3 må vere sett fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

- **Kunngjering av planvedtak; detaljreguleringsplanen for Greibrokk masseuttak med PlanID 202102**

I samsvar med pbl §12-12 godkjende kommunestyret i møte 12.10.22 i sak 51/22 detaljreguleringsplanen for Greibrokk masseuttak med planID 202102

Føremålet med planen er å leggje til rette for etablering av masseuttak.

Vedteken plan med vedlegg finn du lenger nede på sida (under «vedlegg»).

Planvedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Agder i samsvar med §§ 12-12 og 1-9, jf. Kap. VI i forvaltningslova. Klage må vere sett fram skriftleg til Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland innan **08.11.2022**.

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-2 og krav om innløyising etter same lov § 15-3 må vere sett fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort. Eventuelle krav må fremjast til Bygland kommune.

*Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html*

Nye tilsette i Bygland kommune

- **Ingrid Engesland** er ny leiande helsesjukepleiar i 100 % stilling på helsestasjonen i Bygland.

Ledige stillingar

Ingen nye ledige stillingar for tida.

*Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under meny punkt **Ledige stillingar***



Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Eigenberedskapsveka 2022

Eigenberedskapsveka 2022 blir arrangert i veke 44 (31. oktober - 6. november)

Tips og råd finn du på: sikkerhverdag.no



DETTE BØR DU HA HEIME

Tenk igjennom kva farar og ulykker som kan ramme deg heime, og førebu deg best mogleg. Viss straumen blir borte eller du blir isolert av vêret i fleire dagar, bør du vera rusta til å klara deg sjølv i minst tre døgn.

Vêr førebudd

Dei fleste av oss er heilt avhengig av straum i kvardagen til oppvarming, lys, matlaging, varmvatn og elektriske apparat. Uvêr, naturhendingar, sabotasje, tekniske problem, terror eller krigshandlingar kan føra til at mange mistar til dømes straum eller vatn, og at det kan bli vanskelegare å få tak i nødvendige varer. Sjansen er kanskje ikkje så stor, men det kan skje.

Då bør du vera førebudd. Med eit lite reservelager av det du er mest avhengig av – vatn, mat, medisinar og varmekjelder – er du betre rusta for å klara deg sjølv nokre dagar.

Vurder risiko og sårbarheit i heimen din

Tenk igjennom kva som kan skje, kva konsekvensar kunne det ha fått og korleis nettopp din familie ville ha handtert det. Finn ut kven som kan trenga hjelpa di og korleis du kan bidra. Viss det er utstyr du planlegg å bruka i ein nødsituasjon, vêr kjent med korleis det blir brukt og sørg for at det verkar.

Slik kan du dekkja grunnleggjande behov i tre døgn

Dei grunnleggjande behova som må dekkast dei første trea døgna av ei krise er varme, drikka, mat, legemiddel, hygiene og informasjon. Mange av oss har allereie ein god del av det vi treng for å klara oss sjølv i nokre dagar, så det er ofte ikkje så mykje som skal til for å komma heilt i mål.

Har de det mest nødvendige på plass slik at de kan klara dykk sjølv i minst tre døgn, er de rusta for å komma dykk gjennom dei fleste kriser. Om krisa blir langvarig har de med desse førebuingane kjøpt dykk tid og rom til å planlegga vidare. Samtidig bidrar de òg til at dei som treng det mest kan få hjelp først.

Eksempel på beredskapslager:

- 9 liter vatn per person
- to pakker knekkebrød per person
- ei pakke havregryn per person
- tre bokser middagshermetikk eller tre poser tørrmat per person
- tre bokser med pålegg med lang holdbarhet per person
- nokon poser tørket frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- medisiner du er avhengig av
- ved-, gass eller parafinovn til oppvarming
- grill eller kokeapparat som går på gass
- stearinlys, lommelykt med batterier eller parafinlampe
- fyrstikker eller lighter
- varme klær, pledd og sovepose
- førstehjelpspakke
- batteridrevet DAB-radio
- batterier, ladet batteribank og mobillader til bilen
- våtservietter og desinfeksjonsmiddel
- tørke-/toalettpapir

- sanitetsprodukter
- litt kontanter
- ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/rødsprit til oppvarming og matlaging
- jodtabletter ved atomhendelser dersom du er under 40 år, gravid, ammende eller har barn som bor hjemme

Helse

Oversikt per 01.11.22: Legar ved Evje og Bygland legesenter, tlf. 37 40 79 00, telefontider: måndag – fredag kl. 08.30-11.30 og kl. 13.00-15.00

Lege	Tittel	Konsultasjoner på Evje	Konsultasjoner på Bygland
Åsulv Horverak	Kommuneoverlege og fastlege	Tirsdager	Torsdager
Arvid Helle	Ass. kommuneoverlege og fastlege	Hver dag	
Nektarios Apostolou	Fastlege	Mandag - torsdag	Fredager
Eirin Emaus	Fastlege	Tirsdag - fredag	Mandager
Anette Skarshaug	Fastlege, permisjon 6 mnd. fra 26.09.2022.	Onsdag	Mandag, torsdag og fredag
Trond Berg- Larsen	Fastlege, permisjon ut september 2022.	Tirsdag - torsdag i oddetallsuger	
Arlin Skjeggestad	Lis1-lege, 1.09.22 - 28.02.23.	Hver dag	
Hilde Stubseid	Fastlege, permisjon til april 2023.		

Vaksinering med oppfriskingsdose

Bygland kommune har drop-in vaksinering i leilegheita på nordsida av Byglandsheimen



Dato for drop-in (ingen timebestilling nødvendig):

- onsdag 2. november kl. 9.00 – 12.00
- torsdag 3. november kl. 12.00 – 15.00

For meir informasjon: bygland.kommune.no/vaksinering-med-oppfriskingsdose.6561702-522036.html

Influensavaksinering sesongen 2022-2023

Det er tid for sesongens influensavaksinering. Alle som ønskjer å vaksinere seg må bestille time på forhånd. Ring til servicekontoret i Evje og Hornnes kommune på tlf. 379 32 300, hverdager mellom kl. 09.00 – 15.00.



Dei som er i risikogrupper blir anbefalt å vaksinere seg.

Tider for influensavaksinering - Bestill time!

Alle som ønsker å vaksinere seg må bestille time. Unntaket er de som allerede har legetime i gitt tidsrom. De kan be om å få vaksinen når de kommer til legetimen sin.

Vaksinering på legekantoret på Bygland

- fredag 11. november kl. 08:30-14:30

Betaling Influensavaksine koster kr. 200,- Kun betaling med kort, evt. faktura med gebyr.

Én uke mellom vaksiner

Husk at mellom korona- og influensavaksine må det være minst én uke.

For meir informasjon: fhi.no/sv/influensa/influensavaksine/

Flyktingane frå Ukraina har starta i introduksjonsprogrammet og på skule. Dei gir uttrykk for å trivast i Bygland. Innbyggjarane har teke godt i mot dei.



(Red. notat: På Facebook-sida Buglede Bygland kan ein lese litt om aktivitetar som blir organisert for våre nye naboar.)

Pleie og omsorg

Byglandsheimen: Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 - 14.00 - Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03

- kl.11.15 - Stoltrim- tøy og bøyg
- ca. kl.12.00 – Tema-røying, Vi ser en filmsnutt eller leser ei tekst og rører rundt dette.
- ca. kl.12.45- Bingo

Det vil bli servert kaffe.

Drift og forvaltning

Familiebadning

Symjehallen på Bygland opnar for familiebadning tysdagar og fredagar i tidsrommet frå kl. 17.00 til kl. 20.00

Symjehallen er open desse dagane fram til og med 14.04.23, med unntak av jolehøgtida, vinter- og påskeferie.



Takstar for familiebadninga på Bygland skule

Born pr. gong	20 kroner
Sesongkort born	150 kroner
Vaksne over 18 år	40 kroner
Sesongkort over 18 år	350 kroner
Familie, sesongkort	700 kroner

Arbeidet med rundkøyring

Arbeidet med å lage ny rundkøyring på Rv 9 i krysset ved Bygland kyrkje og Shellstasjonen starta opp i veke 41. I same prosjektet blir det skifta ut berelagsmassar for riksvegen sørover grunna sig i undergrunnen.



På grunn av dette har det oppstått eit behov for mellombels omkøyingsveg. Entreprenøren (TT – anlegg) skal istandsetje dei aktuelle areala i minst like god forfatning som dei var før.

Kontaktpersonar i Bygland kommune er tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg på tlf. 918 63 403 eller driftsleiar Fredrik Langfeldt på tlf. 945 32 945.

Plan og miljø

Bu på hytta - kriterium for å kunne bruke hytta som bustad

Fleire og fleire kontaktar kommunen for å høre kva som skal til for å kunne bruke hytta som bustad.



Bilete: pixabay.com

Kommunestyret i Bygland har gjort vedtak om at Bygland kommune opnar for å, etter søknad, gi dispensasjon og løyve til bruksendring av fritidsbustader til heilårsbustader etter plan- og bygningsloven, med mål om fast busetjing i fritidsbustader.

*Finn dei vedtekne kriteria på kommunen si heimesida:
bygland.kommune.no/nyhetsarkiv.522187.nn.html*

Vi kan og sende dokumenta heim til deg. Bestill via e-post til post@bygland.kommune.no eller ring til kommunen på tlf. 37 93 47 00

Kultur

Tilskot til inkludering av barn og unge for 2023

Buudir forvaltar ei nasjonal tilskotsordning der målet er å legge til rette for at alle barn og unge skal ha moglegheit til meistring og samfunnsdeltaking



Bilete: pixabay.com

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av opne møteplassar, deltaking på ferie- og fritidsaktivitetar og fullføring av utdanningsløp. Målgruppa er barn og unge i alderen 0 - 24 år, som av ulike grunnar står i fare for å hamne i utanforskap. Enkelte aktivitetstypar kan ha ei meir avgrensa målgruppe, dette kjem fram av forskrifta.

Offentlege instansar, frivillige organisasjonar og private aktørar kan søke om tilskot

Kultur- fritids- og ferieaktivitet, jobbtilbud og rettleiing, utstyrssentral, lokal fritidskasse, kultur og aktivitetskort, aktivitetsguide, los/ungdomslos, open møteplass, utprøving av arbeidsmodellar, koordinering av lokalt arbeid for målgruppa, anna lokal aktivitet.

Ein søker via Bufdir sin søknadsportal: [bufdir.no](https://ny.bufdir.no).

Søknadsfristen er **18.11.2022**

Kontaktpersonar

Kontaktperson Bygland kommune: Anne Fauske, T: 945 10 770, E: anne.fauske@bygland.kommune.no

Kontaktperson Bufdir: <https://ny.bufdir.no/om/kontakt/>

Oppvekst

Nytt frå oppvekstsentra i Bygland kommune

FORTIDA - Temadagar i ungdomsskulen

Over Skrelandsfjellet går det ein gamal ferdselsveg. Her finn ein Bisperøysa og denne spesielle likkvila. Her gjekk turen for ungdomsskulen under temadagane.

Ei likkvile er ein stad ein la likkista/liket når ein trong ein pust i bakken på veg til kyrkja. Bisperøysa ved sidan av er tidsfastsett til jernalderen.

Kvifor heiter det Bisperøysa? Det verserer tre historiar om det. Den eine er at ein biskop døydde der på turen over heia.

Den andre er at biskopen vart drepen av bygdefolk av ein eller annan grunn. Den tredje er at biskopen hadde "tukla" med ei jente på Skreland og vart drepen av folket der. Rett før ein kjem til Bisperøysa ligg bokstavane VEDN forma i stein. Her gjætte Valborg Eivindsdotter Nese buskap i 1925. Ho var då i konfirmasjonsalderen og lengta ut i "store verda".



Bilete: Bygland oppvekstsenter

Klassequizen 2022

Desse tre 10.klassingane representerte Bygland skule i klassequizen 2022 på NRK Sørlandet fredag 21. oktober.

Bilete: Bygland oppvekstsenter



Vaffelsal til inntekt for TV-aksjonen
"Sammen redder vi liv" på kommunehuset
Ansatte på kommunehuset i Bygland var heldige på torsdag 20.10.; 1.-4. klasse i Bygland solde vaflar på kantina i lunsjtida! Inntekten gikk til TV-aksjonen NRK 2022 og Leger uten grenser.



Det var eit yrande liv på heile kommunehuset, og vi blei skikkeleg glade for å kunne vere med på både TV-aksjon, og det var kjempe gode vaflar.



Bygland kommune takkar for hyggeleg besøk og vaffelkos ♥

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i november

- tysdag 08.11. kl. 14.00 v/ Knut Gakkestad
- tysdag 22.11. kl. 14.00 v/ Tove Tveitå



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 06.11, kl. 19.00, Bygland kyrkje.
Allehelgensgudsteneste v/ Rune Stormark og Knut Olav Upstad
 - søndag 20.11 kl. 11.00, Bygland kyrkje.
Familiegudsteneste, Tårnagenter deltek
 - søndag 20.11. kl. 13.00, Austad kyrkje, Tveit,
konfirmantpresentasjon
 - søndag 27.11. kl. 19.00, Årdal kyrkje, Grendi.
Musikk gudsteneste
20. og 27.11. v/ Frode Eikrem, Knut Olav Upstad og Malin Hegenscheidt



*Bilete: Bygland kyrkje.
Fotograf: S. Hegenscheidt*

Konfirmantsamlinger på Vonheim bedehus, Bygland v/ Frode Eikrem og Malin Hegenscheidt

- torsdag 10. november, kl. 14.45 – 15.45

Trusopplæring v/ Malin Hegenscheidt

- onsdag 09.11. Krøllekveld, 2-åringar
- onsdag 16.11. Kirkerotter, 5-åringar
- onsdag 23.11. 1.års samling, 1-åringar
- laurdag 19.11. kl. 12.00 – 14.00 Tårnagenter, 12-14-åringar
- onsdag 29.11. Barnesang, spedbarn

Barna får invitasjon per brev.

Kyrkjelyden si heimeside: bygland.kyrkelyd.no



*Foto: Lille sauven Krølle.
Fotograf: M. Hegenscheidt*

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar:

- **BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen),** bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

Andre aktiviteter:

- **Seniorsenter:** annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11.00 – 14.00, Pakkbua på Byglandsfjord (**neste 07. og 21.11.**)
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**neste 08. og 22.11.**)
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, Bygland frivilligsentral (**neste 15. og 30.11.**)
- **Open dag i Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-14.00
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen

- **Strikke kafé:** 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral **(neste 03. og 17.11.)**
- **Språkkafé:** annankvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral **(neste 08. og 22.11.)**
- **Onsdagsklubben i Årdalshallen:** annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19.00 – 20.30 for 5.-7. klasse **(neste 2. og 16.11.)**

Seniorsenter på Pakkbua, Byglandsfjord



Foto: Anne Fauske

Er du pensjonist og har lyst å vere sosial på dagtid, men ikkje funne ein møteplass enno? Da er seniorsenteret noko for deg!

Dette gjeng føre seg annankvar måndag frå 11.00 - 14.00 i oddetalsveker på Pakkbua, gamle Byglandsfjord togstasjon.

Her kan du kome for å vere sosial, og for å gjere noko saman med andre. Det vert servert vaffel og kaffi. Det vert moglegheit for ulike aktivitetar. Det vert Teppebowls den første måndagen i månaden. Her er det rift om plassane, men me har plass til fleire! Velkomen.

Bygland frivilligsentral vil halde dørane opne frå klokka 09, så dersom du er oppe tidleg, vil det vere mogleg å møtast før seniorsenteret byrjar.

Språkkafé på Bygland frivilligsentral annankvar tysdag kl. 12.00 – 13.00 i oddetalsvekar fram til jol

Arr. Flyktingteneste i Bygland kommune i samarbeid med Bygland frivilligsentral. Dette skal vere ein møtestad der frivillige møter menneske som treng å øve på å snakke norsk.



Du treff trivelege menneske, og me har opplegg klart slik at praten skal flyte lett. Me vil gjerne ha med fleire frivillige. Du treng ikkje møte kvar gong. Stikk innom når du har tid. Å delta på språkcafe er givande for alle deltagarar, du treff trivelege menneske og du får utdelt spel eller andre oppgåver til grunnlag for samtala. Me serverer kaffi/te og noko å bite i.

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) – **neste 11.11.** og

lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen) – **neste 12.11.**

STRAUMSTØTTEORDNING for frivillige organisasjonar

Regneringen har vidareført tilskotsordning for frivillige organisasjonar som følgje av dei ekstraordinære straumprisane, til og med 03/23.



Kven kan søke?

Tilskotsordninga gjeld for organisasjonar i prisområde med ein månadleg gjennomsnittspris på over 70 øre per kWt i desember. Månadleg gjennomsnittspris i kvart av prisområda blir publisert på nettsidene til Reguleringsmyndigheten for energi i NVE (RME) i starten av kvar månad.

Følgjande organisasjonar har rett til å søke:

- Verksemdar som er registrert i Frivillighetsregisteret
- Verksemdar som ikkje er i Frivillighetsregisteret, kan søke dersom eigarar/medlemmer med avgjerande innflytelse er registrert i Frivillighetsregisteret

- Andre frivillige verksemder som ikkje blir dekkja under a. og b. kan få støtte dersom verksemda hovudsakeleg blir driven av frivillig arbeidsinnsats, og der det ikkje er høve for privatpersonar eller kommersielle føretak å oppnå økonomiske fordelar frå verksemda. Ein forstår frivillig arbeidsinnsats som menneske som bidreg utan lønn eller annan form for økonomisk motyting, no eller i framtida

Søklar må ha organisasjonsnummer.

Kva kostnader blir kompenserte?

Tilskotsordninga vil kun gjelde straumforbruk i prisområde med ein gjennomsnittleg månadleg straumpris på over 70 øre per kWt.

Gjennomsnittleg månadleg straumpris blir rekna av

Reguleringsmyndigheten for energi siste dag i den aktuelle månaden.

Satsen kan rundast av til heile øre.

Følgjande skal ikkje kompenseras:

- Straumforbruk knytta til utføring av offentleg lovpålagde oppgåver på oppdrag frå stat, fylkeskommune eller kommune. Døme på dette er ideelle organisasjonar som driv barnehagar, barnevern, skolar, omsorgsbustader og anna helsetilbod
- Økonomisk verksemd der kompensasjon til denne verksemda er i strid med EØS-avtalen sine reglar om offentleg støtte
- Straumutgifter som allereie er kompensert gjennom dei statlege straumstøtteordningane for hushald eller landbruket

Korleis kan eg søke?

Lotteri- og stiftelsestilsynet har oppretta eit søknadsskjema for tilskotsordninga. Lenke til søknadsskjema og informasjon om søknadsfristar finn du på lottstift.no.

Kva er fristen for å søke?

For den forlenga perioden april 2022 - mars 2023 vil det vere mogleg å søke om straumstøtte kvart kvartal. Neste søknadsrunde opnar 26.10.

Kor mykje får vi?

Tilskotet blir rekna etter faste satsar på om lag same nivå som i ordninga for hushald. Søklarane må dokumentere kWt-forbruk for førre periode.

Organisasjonane som kvalifiserer til tilskot kan forvente å få ei støtte tilsvarande 80 prosent av straumkostnadane over 70 øre per kWt opp til gjennomsnittsprisen den månaden.

Tømekalender for Bygland kommune – november 2022

- **Papir og plast:** veke 44: tysdag 01.11.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 44: torsdag 04.11.
- **Matavfall og restavfall:** veke 46: torsdag 17.11.
- **Papir og plast:** veke 48: tysdag 29.11.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.11.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (26.11.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (12.11.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 39:

Bilete: Framside: *Blikk over Osefeti av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Helene Wieden. Takk til alle fotografer!*

Redaksjon: *Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg. Byglandsnytt desember 2022: 01.12., skrivefrist 28.11.*



Mobil passkontor

Dei siste åra er det lagt ned over 60 passkontor i Noreg. No når pass- og ID-busser på hjul fram til innbyggjarar i distrikta.



Foto: politi.no

For å bruka dei mobile passkontora kan ein bestilla time på nettsidene til politiet, på same måte som for vanlege, stasjonære pass- og ID-kontorer. Når du legg inn stad eller postnummer i timebestillingen, får du opp det næraste kontoret ditt, og dersom eit mobilt pass- og ID-kontor har stoppestad i nærleiken, kjem det opp som eit alternativ.

Kjøreruter mobile pass- og ID-kontor (passbuss)

- **VALLE:** Valle og Bykle politistasjon, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle: **onsdag 7. desember 2022**
- **EVJE:** Bygland, Evje og Hornes politistasjon, Verksvegen 4, 4735 Evje: **torsdag 8. desember** og **fredag 9. desember 2022**

Ymse

TUBFRIM er vedteke nedlagt

Nasjonalforeningen for folkehelsen vedtok å legge ned drifta av Tubfrim frå sommaren 2023

Den ordinære drifta av TUBFRIM opphøyrt frå og med 22. oktober 2022.



Foto: pixabay.com

Samfunnet blir digitalisert, og mengda innsamla frimerke har gått drastisk ned. Dei siste fem åra, 2017 - 2021 viser at det vil bli vanskeleg å produsere overskot i åra framover. Difor er avgjersla om å avvikle drifta naudsynt, skriv TUBFRIM.

TUBFRIM vil fram til nyttår 2022/2023 framleis ta i mot alt av brukte frimerker etc, samstundes som det blir arbeid med alternative løysingar for dette.

Frå og med 25. oktober vil det i 3 - 4 veker bli gjennomført eit opphøyrssal med gode prisar.

Historikk

TUBFRIM blei etablert i 1928 på Nesbyen av postmester Ditlef Frantzen. TUBFRIM skulle samle inn og selge brukte frimerker. Overskotet skulle bli brukt til tuberkolosearbeidet blant barn i Noreg.

TUBFRIM blei overdrege til Nasjonalforeningen for folkehelsen i 1947. TUBFRIM bygde sitt eige frimerkehus, Solstad, i 1958. På det meste arbeidde det 14 personar på TUBFRIM. Innsamling av frimerker og annan filateli har heilt tida vore hovedaktiviteten, sjølv om både Telekort og postkort har vore tilleggsprodukt i seinare ti-år.

Det har og skjedd endringar i kva overskotet skal bli brukt til. I dag går overskotet til helse- og trivselsfremmande tiltak for barn og unge i Noreg, og til arbeid mot tuberkulose. Frå 1928 og fram til 2021 har TUBFRIM delt ut kr. 26 millionar kroner til omlag 2700 gode tiltak.

Har du frimerker heime?

Bygland kommune har i mange år samla frimerker og sendt til TUBFRIM. Vi har planar om å sende ein kasse med frimerker innan fristen går ut. Om du ønskjer å levere frimerker til TUBFRIM, kan du levere dei til kommunehuset, så kan vi sende samla.

BYGLAND TURIST-KONTOR på Stoga kulturkafé

Presteneset 10, 4745
Bygland: søndagar kl.
11.00 – 17.00,
tlf. 907 81 105

Bilete: Olav Grendstad



STOGA

Human-Etisk Forbund, Agder regionlag
Filosofikafe Om og med humor,
torsdag 17.11. kl. 18.30, Stoga kulturkafé

Velkommen til en hyggelig og morsom kveld med humorist Olav Grendstad. Filosofikafeen ledes av livsveileder i Human-Etisk Forbund, Dagfinn Ullestad Arrangementet er åpent for alle. Gratis.



Foto: Olav Grendstad/privat

Grisefest, laurdag 19.11. kl.19.00
For bonden, for gardsbruka, for kulturlandskapet, for lokalmaten, for grøda, for folk og fe, og ikkje minst for grisen inviterer me til G R I S E F E S T
Servering av gris frå Nedre Kvaale Gard, intimkonsert med Åraksbø Trekkspillklubb, kviss, m.m. Billett inkl. mat: 599kr.
Påmelding på 90 66 54 59 innan 04.11.



Foto: Jørund Kvaale Hansen

Sprossas vern gjennom bruk - inspirasjon til å restaurere og bruke gamle hus, onsdag 23.11. kl.18.00

Foredrag med kulturvernarbeider og statsstipendiat Else «Sprossa» Rønnevig. Gratis adgang. Støttet av Agder Fylkeskommune



Foto: privat

BIBLIOTEK på Byglandsfjord: Bokkafé
Bokkafé på biblioteket på Byglandsfjord på tysdagane kl. 12.00 -14.00.



BYGLAND IL

⚽ Setesdalsmeisterskapen i barnefotball ⚽
Vert arrangert 19. november i Byglandshallen.

*Meir informasjon: Kim Andre N. Thorstensen,
kim.thorstensen@bygland.kommune.no*



INNBYDING TIL SETESDALSMEISTERSKAPEN I BARNEFOTBALL

**JENTER OG GUTAR
6–12 ÅR**

BYGLANDSHALLEN

LAURDAG

19

NOVEMBER

2022



FRAMSTEG 4H: Glimt frå haustfest, fredag 28.10. Bygland kulturscene.



Revy og utdeling av 4H-merker. Foto: Sonja Lien Skjevraak



Utstilling av 4H-årsprosjekter. Foto: Olav Skeie



Lotteri. Foto: Olav Skeie

VISIT SETESDAL: Innbygger-

undersøking 2022 Setesdal er godt i gang med arbeidet for å re-merke reiselivet i kommunane våre som eit berekraftig reisemål. Det er eit kvalitetsarbeid som føreset at vi jobbar med å ta vare på natur, kultur og miljø, styrkar sosiale verdiar, og er økonomisk levedyktige.



I den samanheng skal vi svare på kva lokalbefolkninga si haldning til reiselivet er. Vi håpar du har moglegheit til å svare på nokre få spørsmål.
Lenke: <https://response.questback.com/destinasjonhovdenas/yfxcm4ckxt>

Setesdølen

RETURADRESSE: Setesdølen, Presttidi 4, 4745 Bygland

GIR AVISA I DAG DEG MEIRSMÅK?
 Prøv Setesdølen 1 mnd for 140,- (Papiravis, e-fris og nett)

Bli abonnent på setesdølen.no

Optimisme på stormøtet på Revnes Hotell om vedproduksjon på Agder:

Bjørkestrangler har høgare pris enn furutømmer



Dei inspirerte forsamlinga på ved 70 framme til å få meir verdi ut av vedskogen, frå venstre Frank Håland som er styremedlem i den nye vedfabrikken i Bjelland, Rune Steen Moen som er leiar i det nyskapa næringslaget i Bjelland, Arne Roland er styreleiar i Tre-

kraft Sør som står bak den nye vedfabrikken som blir bygt i Bjelland. Lengst til høgre Torbjørn Frøyens som er styremedlem i Bygland næringslag og ein pådrivar for at næringslaget skal sette viktige saker for lokal næringsutvikling på dagsorden.

-Prisen på bjørk har i løpet av sommaren auka frå under 300 kr. pr. kubm. til over 600 kroner, sa styreleiar i Trekraft Sør, Arne Roland på møtet som det nyskapa næringslaget i Bjelland hadde tatt initiativ til på Revnes Hotell på Byglandsfjord for å vekke sidan. Over 70 interesserte hadde møtt fram for å høyre om utsiktene til å få meir verdi ut av avverkings- og skog-

landskolen vår.

Treng meir råstoff

Vedfabrikken i Bjelland har alt skaffa seg produksjonslinje og produserer både ved i sekker og brikketar, men når anlegget er ferdig utbygd, treng dei langt meir råstoff enn det dei har i dag. Gjennom samarbeidet med AT Skog, som dei kjøper råstoffet frå, oppnår dei små og store skogegarar til å sjå verdien av vedskogen. Fabrikken i Bjelland har alt stor etterspurnad etter ved og leverer både til Coop og andre kjeder, og til B&B Kors i Kristiansand som pakkar og selvoden vidare sjølv. Konsernet Trekraft har også planar om å bygge ytterlegare to fabrikkar andre stader i landet, men den fyrste kjem altså i Bjelland.

Vil skape vekst

Næringslaget i Bygland har tatt initiativ til dette møtet fordi me ønsker å vere med på å skape vekst både i vår eigen kommune og i Setes-

dal. Vedproduksjon trur me kan gjø skogegarar ei viktig inntektskjelde, seier leiar i næringslaget, Rune Steen Moen.

-Viss prisen på elektrisk straum er på i krene pr. kilowattime, er vedfyring konkurransedyktig, sa Arne Roland i Trekraft Sør på møtet på Revnes. Han la til at vedproduksjonen i dag utgjer ei energiproduksjon på 6 Alta-kraftverk i eit normalt år.

Verdtule bjørkelier

Han meiner skogegarane må tenkje nytt og ikkje berre sjå på bjørka som eit tillegg dei får fram ved store tømmerdriftar.

Gode bjørkelier er ein ressurs som blir pris høg i dag, og som altså kan konkurrere i pris med skurtømmer frå furu, seier han. Det betyr at skogegarar kan sette på å avverke bjørkeskog for levering f.eks. til fabrikk i Bjelland. Der er grunnarbeidet på ny fabrikk i gang, og i desember blir det prøvekjøring. Etter planen skal me ha ordinær drift i januar, seier han og fortel at det blir sett opp enkelte bygg. Difor er byggetida kort.

-I utgangspunktet har me i dag det me treng av tømmer, men behovet

vil auka ganske fort. Sjølv om me startar med folk på berre eit skift, vil me kunne styrke til to skift etter kvart. Alt tyder på at dei vil kunne bli avsett for alt det som me greier å produsere, seier han.

med AT Skog

På møtet oppnådde han skogegarar til å gå saman om å planlegge store driftar der det er massevirke og lauvskog. Trekraft Sør har alt samarbeid med AT Skog om å kjøpe råstoff og organisere inntransportering.

-No bør skogegarane kaste seg rundt

og engasjere seg i noko som verkeleg kan gje skogen større verdi, seier leiar i Bygland skogegarlag, Øyvind Aakhus. Han meiner også at dei som har slurva med unngåkketele dei siste åra berre kan la bjørka stå i slyngelag 10-15 år. Då får ein fin vedskog, seier han. Skogegarlaget var med på å arrangere møtet på Revnes.

Trekraft Sør tek sikte på å auke omsetninga til 200 mill. kr. i 2025 og ha 6 tilsette i Bjelland. Med indirekte sysselsetting som transport og anna reknar Arne Roland med at tallet på arbeidsplassar kan tredoblast.



Etter hovudinnlegga på møtet var det tett dialog med potensielle vedprodusentar som Torbjørn Frøyens (t.v.) i samtale med Arne Roland.

ET AV SØRLANDETS STØRSTE UTVALG AV LÅSER OG NØKLER

- STORT UTVALG I NØKLER TIL HUS, BIL, BÅT, MC, VÅPENSKAP ETC.
- OVER 100 FORSKJELLIGE LÅSKASSER PÅ LÅSER TIL ENHVER TID
- STORT UTVALG I LÅSER OG DELER TIL VERANDA-/TERRASSEDRØRER
- VI HAR SAFE, VERDISKAP OG VÅPENKAP PÅ LAGER
- EGEN SERVICEBIL OG MONTØR LEDIG FOR OPPDRAG

Du finner oss sentralt på Lund!

Gratis parkering utenfor butikken.

LÅS & NØKLESERVICE

Agder allé 4, 4631 Kristiansand
 Tel. 38 09 19 00
 post@systemlas.no
 www.systemlas.no

BYGDEBLAD FOR SETESDAL



KVA SKJER I BYGLAND?

November 2022

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 02.11.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film: Titina (6 år)
		19.30	Film: Smile (15 år)
	Bygl.frivilligsentralen Årdalshallen	19.00- 20.30	Onsdagsklubben i Årdalshallen 5.-7. klasse
tysdag 08.11.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bygl.Frivilligsentralen	12.00	Språkkafé
	Symjehallen, Bygland	20-22	Damesvømming
torsdag 10.11.	Setesdals spele- mannslag, Sølvgar- den hotell, Rysstad	18-20	Kurs for instruktører – folkedans og -song
fredag 11.11.	Bygland Ungdoms- klubb, Byglandsfjord	18-21	Fredagsklubb i Årdalshallen 5.-7. klasse
	Bygland Dramatiske Selskab, kulturscene	19.00	Premiere av revyen «Setesdalssuppe»
	BDS, Stoga	21.00	Open premiefest
laurdag 12.11.	Dukketeater, Evje & Hornnes bibliotek	14.00	Teaterforestilling
	Byglandshallen	14-17	Open hall
	Bygland Dramatiske Selskab, kulturscene	19.00	Revy «Setesdalssuppe»
	Byglandshallen	19-23	Laurdagsklubb 8.kl-VGS
torsdag 17.11.	Human Etisk For- bund Agder, Stoga	18.30	Filosofikafé Om og med humor

fredag 18.11.	Bjoren brygge	19.00	Bryggjekvissen
laurdag 19.11.	Stoga kulturkafé	19.00	Grisefesten
	Bygland IL, Byglandshallen		Setesdalsmeisterskapen i barnefotball
onsdag 23.11.	Agder fylkeskommune/Stoga	18.00	Sprossas vern gjennom bruk (kulturvernarbeide)
sundag 27.11.			1. advent
onsdag 30.11	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film 1: Teddybjørnens jul
		19.30	Film 2: N.N.

Aktiviteter til

- Bygland frivilligsentralen: sjå s. 11 og 12 → Bygland Ungdomsklubb: sjå s. 13 --
- Bygland idrettslag: sjå under www.byglandil.com
- Familiebadning i symjehallen på Bygland : tysdag og fredag kl. 17.00-20.00

JOL LIGG RETT RUNDT HJØRNET

JOLEMARKEDE

Ose Grendehus
Laurdag 3 Desember
Kl: 12-16

- * Flotte utstillarar
- * Sal av mat og drikke
- * Aktivitetar for borna

**Bygland
Husflidslag**